

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Fusa vidaregåande skule  
**Møtedato:** 22.06.2016

**Tid:** kl.17:00 - 20:00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.  
Saklista og sakspapir vart gjort tilgjengeleg elektronisk 17.06. 2016.  
Møtet vart kunngjort i lokalavisa og på heimesida.

<b>Desse medlemene møtte:</b>	<b>Parti</b>
Agnete Digranes Årvik	Ap
Anne-Grete Gjerdevik	Ap
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Helge Mjånes	Ap
William Sandven Lindborg	Ap
Roger Hoel	Du
Kristine Hjartnes	Frp
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Lars Erik Dalland	H
Ranveig Næss	H
Bjarte Samnøy	Krf
Toralv Huse	Krf
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Peter - Hans de Zwarte	Sp
Richard Markhus	Sp
Svein Lang	Sp
Gustav Folkestad	V

<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Møtande varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>
Jan Birger Landøy	Sp	Marianne Borge, Sp	

## Møtenotat:

### Andre som var tilstades på møtet:

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad som fungerte som rådmann  
Ansvarleg sekretær Terje Raunsgard

### Spørsmål og svar:

Aud-May Boge H etterlyste svar i kommunestyret på skriftlege spørsmål ho har levert inn om kommunereformprosessen. Ordførar Atle Kvåle las opp skriftleg svar han har gjeve til spørsmåla.

**Orienteringar:**

Etter sakene på sakslista var handsama orienterte einingsleiar for undervisning Anne Merete Hellebø om konsekvensane av vedtak i kommunestyresak 48/16 og arbeidet i eininga knytt til samanslåing av skular.

**Merknader til innkalling og sakliste:**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Kommunereform vart etter framlegg frå ordførar handsama som første sak.

Ordførar Atle Kvåle leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen,

---

Atle Kvåle  
Ordførar

---

Terje Raunsgard  
Ansvarleg sekretær

:

## **074/2016: Kommunereforma - vedtak om samanslåing**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommunestyre godkjenner at Fusa kommune slår seg saman med Os kommune til Bjørnefjorden kommune. Den nye Bjørnefjorden kommune vil verta etablert frå 1. januar 2020.

### **Kommunestyret 22.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Framlegg frå Rannveig Næss, H:Sak

59/16 Kommunereforma – vedtak om samanslåing."Fusa kommune seier nei til å slå seg saman med Os til Bjørnefjorden kommune på noverande tidspunkt. Prosessen har ikkje vore gjennomført i samsvar med prosjektplanen og saka er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Styringsgruppa får i oppdrag å gjera ei vurdering i forhold til vidare framdrift av prosjektet".

Framlegget frå Rannveig Næss vart vurdert som eit utsetjingsframlegg og røysta over:Framlegget fekk 7 røyster – Aud May Boge H, Rannveig Næss H, Mikal Leigland Sp, Peter-Hans de Zwarte Sp, Marianne Borge Sp, Margunn Yndestad Samnøy Sp.

Mikal Leigland, Sp sett fram følgjande framlegg:"Fusa kommune ved styringsgruppa ser det ikkje formålsteneleg å slå seg saman med Os".

Innstillinga frå styringsgruppa i saka:

"Fusa kommunestyre godkjenner at Fusa kommune slår seg saman med Os kommune til Bjørnefjorden kommune. Den nye Bjørnefjorden kommune vil vera etablert frå 1. januar 2020".

Innstillinga frå styringsgruppa fekk 17 røyster: Atle Kvåle Ap, Agnete Digranes Aarvik Ap, Anne-Grete Gjerdevik Ap, Hans Ekeberg Ap, William Lindborg Ap, Helge Mjånes Ap, Magne Djuvik Frp, Kristine Hjartnes Frp, Roger Hoel uavhengig, Aud-May Boge H, Lars Erik Dalland H, Rannveig Næss H, Bjarte Samnøy Krf, Toralv Huse Krf, Svein Lang Sp, Richard Markhus Sp, Gustav Folkestad V.

Framlegget frå Mikal Leigland fekk 4 røyster: Mikal Leigland Sp, Peter-Hans de Zwarte Sp, Marianne Borge Sp, Margunn Yndestad Samnøy Sp.

### **KOM- 074/2016 Vedtak:**

Fusa kommunestyre godkjenner at Fusa kommune slår seg saman med Os kommune til Bjørnefjorden kommune. Den nye Bjørnefjorden kommune vil vera etablert frå 1. januar 2020.